

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 5. februar 2020, kl. 12.15

Stad: seminarrom 217, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedikte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Guowen Shang (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: Johanne Kalsaas

Frå gruppe C: Gita Rongevær

Frå gruppe D: Natalie Unger, Snorre Sandemose, Andreas Fosso Dale og William Sem Fure

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – Godkjenning av referatet frå rådsmøtet 4. desember 2019

Det kom ingen merknader til referatet innan fristen.

Sjå <https://www.uib.no/fremmedsprak/22347/referat-frå-instituttrådet>

Sak 3 – Orienteringssaker

Sak 4 – Rekneskap for 2019 og budsjett for 2020

Rekneskapen og budsjettet blir ettersendt.

Framlegg: Rådet tek til vitende rekneskapen for drifta av instituttet i 2019, og godkjenner driftsbudsjettet for instituttet i 2020.

Sak 5 – Nye retningslinjer for instituttrådet, Forskingsutvalet, UUI og programstyra ved instituttet

Universitetsstyret vedtok 27.9.18 nytt valreglement og nye reglar for styringsorgana ved fakulteta og institutta, og HF reviderte i tråd med dette sine utfyllande reglar 29.10.19. Dei viktigaste endringane er at instituttrådet skal ha 9 eller 11 medlemar, og ikkje fleire, og at medlemane frå gruppe A skal veljast frå éin samla valkrins, og ikkje frå separate valkrinsar baserte på fag. Dei nye retningslinene for instituttrådet vil ikkje i kraft før i 2022, sidan dei skal følgja valperioden for gruppe A. Men det er ingen ting i vegen for at retningslinene for Forskingsutvalet, UUI og programstyra kan tre i kraft allereie hausten 2020. Framlegga til reviderte retningslinjer er lagt ved innkallinga.

Framlegg: Rådet vedtek framlegget til nye retningslinene for instituttrådet, Utvalet for utdanning og internasjonalisering (UUI), Forskings- og formidlingsutvalet og programstyra ved Institutt for framandspråk. Dei nye retningslinene for rådet gjeld frå og med 2022, medan retningslinene for dei andre instituttorgana trer i kraft hausten 2020.

Sak 6 – Ymse

Åse Johnsen,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef